

Kjødets lyst

Pastor Bernhard Hedonius låg på divanen og las C.O. Rosenius sine oppbyggelege tekstar:

"Vokt Eder for Kjødets Lyster.

I skal forsage alt det Jordiske i Frygt og Bæven for Dommens dag ..."

Godt sagt, kloke ord!

Kjødet, ja! Nam, nam!

Hedonius sleika seg om munnen.

Den steikande varmen slo imot pastoren som ein knyttneve da han velta ut av drosja. Sveitten drypte frå den tynne barten og fordampa idet den trefte asfalten. Han trakk pusten langsamt og rallande, lente seg til stokken og kikka på gulluret som låg i lomma på den tjukke ulldressen. Kwart over fire! Nesten to timar sidan førre måltid. Dei veldige kjakane dissa idet han samla seg og styrde skritta bestemt innafor døra på Den Gyldne Hane. Det knaka i det solide eikegolvet, og prisma i den veldige lysekrona klirra nervøst da han gjekk over golvet. Han satt seg ned og tørka panna med lommetørkleet, festa servietten i halsen og opna spisekartet.

Lerketunger i aspik.

Kalvelever i fløtesaus.

Argentinsk indrefilet.

Ja!

Krabbe, hummar, ferske reker.

Honningglasert vaktelbryst.

Hurra!

Vin. Raud, kvit og portvin.

Dessertar, ost og brennevin.

Spanske plommer med søt likør.

Røykt fåreost frå fjella i Bel Paese.

Halleluja!

Vodka, gin, cognac, whisky, rom, djevlesk absint og calvados frå Normandie.

Takk, Herren!

Etter kvart som han åt, kjende han eit ubehag som han valde å drukne med eit glas bitter. Det varma godt og Hedonius klappa seg på magen. Fleire og fleire rettar kom på bordet, og magesekken blei fullare og fullare. Mannen var som besett. Han kunne ikkje slutte å ete om han ønskja det. Det var berre eit spørsmål om tid før magesekken ville nå brestepunktet. Hedonius var i gang med si andre crème brûlée. Han lika godt den sprø lyden frå skeia som knuste det karamelliserte sukkerlokket. Han løfta sakte opp ei munnfull med skjelvande fransk pudding, studerte den og snusa inn dufta frå favorittdesserten med ei alvorleg mine. Den kalde skeia landa på tunga og Bernhard lukka munnen og smatta nøgd.

Ei kjensle dukka plutselig opp i han. For mykje! Han dundra over golvet, opna døra til toalettet og stakk ein finger i halsen. Medan han brakk seg, tenkte han på feit, fransk geitost og engelske puddingar. Raudsprengd og sveitt stolpra han tilbake til restauranten og bad om rekninga. 4320 kroner. Småpengar!

Klokka var seks. Han skunda seg av stad til bedehuset. Da han kom dit, hadde salen fylt seg med gudfryktige, angrande menn og kvinner. Snart lytta dei til Hedonius si forrykande tale.

"I skal elske og frygte Herren! I skal forsage Lucifer og alle hans fristelser. Han som lar sig friste av Satan, skal i evighet brenne i helvetes flammer! Gi nå til kollekten så det smaker, og vis Eders anger for Herren!

Hedonius si rungande stemme blanda seg med gråt og jammer frå salen. Tårevåte setlar blei slept oppi kollektkassa med skjelvande hender. Aldri hadde kyrkjelyden gjeve så mykje. Bodskapen hadde god verknad. Bernhard spankulerte nøgd ut av kyrkja. Det var ikkje berre vommen som bula ut under prestekjortelen. Så snart han kom seg inn i drosja drog han fram ei bunke setlar. Han talde dei nøye fleire gonger. Sjøføren tromma utålsamt på rattet og spurde endeleg, "Kvar ønskjer herren å dra?" "Til Paradis", svara han. "Til Den Gyldne Hane!"